


planID
arkivID

4617 20180004
19/663

Ordfører



Kvinnherad kommune

Detaljregulering for

Fv. 500 Kroka-Sundal, 57/1 og 59/1 m. fl.

Reguleringsføresegner

(jf. plan- og bygningslova § 12-7)

FØRESEGNER PR. 18.02.2021

Utval	Utarbeid	Sist endra	Sak	Godkjent	ArkivID
	10.12.2019				
FOU			2020/13		2019/663
PTM		27.11.2020	1/2021	02.02.2021	2019/663
KO		18.02.2021	6/2021	18.02.2021	2019/663

§ 1 Generelt

§ 1.1 Det regulerte området gjeld rassikringstunnel langs fv. 500 Kroka-Sundal, vist på plankart i mål M=1:1000, datert 28.10.2020.

§ 1.2 Planområdet skal nyttas til følgjande føremål:

Bygningar og anlegg (pbl § 12-5 ledd nr 1)

- Fritidsbusetnad-frittliggjande (BFF)
- Angitt bygge- og anleggsformål kombinert med andre angitte hovudformål (BAA)

Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur (pbl § 12-5 ledd nr 2)

- Køyreveg (SKV)
- Annan veggrunn – teknisk anlegg (SVT)
- Annan veggrunn (SVG)
- Angitte samferdselsanlegg og/eller tekniske infrastrukturtrasear kombinert med andre angitte hovudformål (SAA)

Grøntstruktur (pbl § 12-5 ledd nr 3)

- Angitt grøntstruktur kombinert med andre angitte hovudformål (GAA)

Landbruk -, natur- og friluftsføremål (pbl § 12-5 ledd nr 5)

Landbruk

- LNFR areal for nødvendige tiltak for landbruk og reindrift og gardstilknytt næringsverksemd basert på ressursgrunnlaget på garden. (L)

Bruk og vern av sjø og vassdrag, med tilhøyrande strandsone (pbl §12-5, nr. 6)

- Angitt formål i sjø og vassdrag med eller utan tilhøyrande strandsone kombinert med andre angitte hovudformål (VAA)

Omsynssoner

(pbl § 12-6)

- Frisiktsone veg (H140)
- Ras- og skredfare (H310)
- Høgspenningsanlegg (Inkl. høgspenkablar) (H370)
- Rekkjefølgekrav infrastruktur (H430)
- Omsynssone bevaring kulturmiljø (H570)
- Omsynssone bandlegging etter andre lover (H740)

Føresegsområde

(pbl § 12-7)

- Anlegg- og riggområde(91)

§ 2 Fellesføreseger

§ 2.1 Kulturminne

Om ein under anleggsarbeidet skulle avdekke ukjende kulturminne, skal arbeidet stoppast med ein gong, og rette mynde kontaktast, jamfør undersøkingsplikta i Kulturminnelova § 8.2.

§ 2.2 Plan for ytre miljø

Det skal utarbeidast ein plan for ytre miljø (YM-plan) i samband med byggeplan.

§ 2.3 Rigg- og marksikringsplan

Det skal utarbeidast ein Rigg- og marksikringsplan (RM-plan) i samband med byggeplan.

§ 2.4 Masse- og avfallshandtering

Overskotsmassar i utbyggingsområde skal så langt som mogeleg brukast på staden, til dømes til istandsetting og tilarbeiding av terrenget. Utbyggingsområda må planleggast og utviklast slik at behovet for å transportere bort masser blir minst mogeleg. Overskotsmassar kan også nyttast til godkjende tiltak utanfor planområdet for å unngå deponering.

Dersom det blir masse til overs, må utbyggjer vise kvar overskotsmassen skal mellomlagrast før igangsetting av arbeidet. Overskotsmassar frå tidlegare dyrka jord og jordmassar, som er eigna til jordbruksproduksjon, skal nyttast til forbetring av eksisterande jordbruksareal og difor leverast til godkjende bakkeplaneringstiltak lokalt. Det skal lagast plan for handtering av overskotsmassar.

Avfall og overskotsmateriale frå byggjeprosessen skal transporterast til godkjend avfallsanlegg i samsvar med forureiningslova.

§ 2.5 Universell utforming

Prinsippet om universell utforming skal i størst mogeleg grad ligge til grunn ved utforming av veganlegget.

§ 2.6 Landskap og estetisk kvalitet

Terrenninggrep i samanheng med veganlegget skal skje mest mogeleg skånsamt. Fjellskjeringar og fyllingar skal rundast av og tilpassast tilgrensande terreng. Noverande vegetasjon skal ivaretakast i størst mogeleg utstrekning.

Det skal utarbeidast formgiving- og vegetasjon (O-) teikningar og risikofylte arbeider (Z-) teikningar i prosjekteringsfasen for mellomlagerområde der det er restriksjonar knytt til ytre miljø.

§ 2.7 Overvasshandtering

Anlegg for overvasshandtering skal opparbeidast i samsvar med gjeldande regelverk, med fokus på klimapåslag med større nedbørmengder. Vann- og avløp rammeplan (VA-rammeplan) vedlagt denne planen skal danne grunnlag for detaljplan for overvatn, dimensjonering av overvassanlegg og sløkkjevatn i tunnel.

§ 2.8 Rekkjefølgje

Godkjent plan for handtering av overskotsmassar (og detaljplanar godkjent av ansvarlege mynde,) skal liggje føre før igangsetting av tiltak innafør planområdet.

Godkjent plan for overvasshandtering i samsvar med gjeldande regelverk, skal liggje føre før igangsetting av arbeidet.

§ 2.9 Mindre avvik innanfor område

Mindre avvik i skråningsutslag innanfor område *Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur (PBL. § 12-5, nr. 2)*, vil kunne skje som følgje av uventa tilhøve, som t.d. grunntilhøva eller manglar i kartgrunnlaget. Det kan føre til at areal som skal disponerast til vegføremål vil fråvika noko frå det som kjem fram av føremåls grensene i planen. Areal som ikkje vert disponert til vegføremål er føresett brukt som tilstøytane føremål.

§ 3 Bygningar og anlegg

(pbl § 12-5 ledd nr 1)

§ 3.1 Fritidsbusetnad-frittliggjande.

I arealet merka BFF er det tillate med fritidsbustader med tilhøyrande tekniske anlegg, uthus, parkering og anna fellesareal .

- Utnytting for fritidseigedom, %-BYA, skal ikkje overstige 30 %.

- Bygningar på fritidseigedom skal til saman ikkje overstige BRA 150 m².

- Bygningar på fritidseigedom skal til saman ikkje overstige BYA 100 m².

- Maksimal mønehøgda for fritidsbustader er 9,0 m. Høgda vert målt frå lågaste del av terreng i forhold til gjennomsnittleg ferdig planert terreng rundt bygningen (jf. pbl. § 11-10 nr. 2).

§ 3.2 Angitt byggje- og anleggsformål kombinert med andre angitte hovudformål.

Arealet merka BAA nyttast til anleggs- og riggområde i byggjefasen. Når anlegget er avslutta, vert formålet BAA avslutta som regulering og eldre regulering vert tilbakeført.

§ 4 Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur

(pbl § 12-5 ledd nr 2)

§ 4.1 Køyreveg (SKV)

o_SKV1 og o_SKV3 er fylkesveg 500.

SKV2 er privat veg til Kroka.

§ 4.2 Annan veggrunn – Teknisk anlegg (SVT)

o_SVT1 og o_SVT2 er fv.500 i tunnel.

I ein avstand på 20 m til kvar side for tunnellaupet er det lagt restriksjonar på bruk av areal i høve til

tunnellaupet. Tilsvarende er det lagt inn restriksjonar med sikringssoner over og under tunnellaupet, på 20 m, jf. Teikningsforklaring.

o_SVT1 og o_SVT2 omfattar også areal til teknisk bygg utanfor tunnel.

§ 4.3 Annan veggrunn - grøntareal (SVG)

Areal avsett til Annan veggrunn grøntareal har same eigarstatus som vegen dette arealet er knytt til. Innanfor annan veggrunn - grøntareal vert det tillate oppføring av naudsynte tiltak for bygging, drift og vedlikehald av veganlegget. Det vert mellom anna tillate etablering av naudsynte skjeringar, fyllingar, grøfter, murar, rekkverk, veglys, leskur, trapper, stiar og gangkryssingar, og vegteknisk infrastruktur som t.d. konstruksjonar, og tilhøyrande murar. Arealet kan og nyttast til anlegg- og riggområde i anleggsperioden.

I o_SVG skal gammal asfalt fjernast.

Terrenghandtering skal gjerast ferdig på same tid som resten av veganlegget. Jordskråningar skal, der det er mogeleg, såast til og plantast med stadeigen vegetasjon. Planting skal vere ferdig seinast vårsesongen etter at veganlegget er opna.

§ 4.4 Angitte samferdselsanlegg og/eller tekniske infrastrukturtrasear kombinert med andre angitte hovudformål.

Arealet merka SAA nyttast til anleggs- og riggområde i byggjefasen. Når anlegget er avslutta, vert formålet SAA avslutta som regulering og eldre regulering vert tilbakeført.

§ 5 Grøntstruktur (pbl § 12-6 ledd nr 3)

§ 5.1 Angitt grøntstruktur kombinert med andre angitte hovudformål.

Arealet merka GAA nyttast til anleggs- og riggområde i byggjefasen. Når anlegget er avslutta, vert formålet GAA avslutta som regulering og eldre regulering vert tilbakeført.

§ 6 Landbruk-, natur- og friluftsføremål (pbl § 12-6 ledd nr 5)

§ 6.1 For kvart areal som er sett av til LNFR skal gjeldande kommuneplan med føresegner vere gjeldande. Dette gjeld og områda med føresegnområde # mellombels anleggs- og riggområde unntatt i anleggsperioden. Etter anleggsperiode og mellombels lagringsperiode skal arealet førast tilbake til dagens bruk.

§ 7 Bruk og vern av sjø og vassdrag, med tilhøyrande strandsone (pbl 12-5 nr. 6)

§ 7.1 Angitt formål i sjø og vassdrag med eller utan tilhøyrande strandsone kombinert med andre angitte hovudformål.

Arealet merka VAA kan ikkje nyttast i anleggsfasen. Når anlegget er avslutta, vert formålet VAA avslutta som regulering og eldre regulering vert tilbakeført.

§ 8 Omsynssone (pbl § 12-6, jf. § 11-8a)

§ 8.1 Frisiktsone veg

I området med frisiktsline og veg (frisiktsone H140) skal det ved avkøyrslar vere fri sikt i ei høgd av 0,5m over tilgrensande veg sitt plan.

§ 8.2 Ras- og skredfare.

H310 er fareområde for rasfare.

I omsynssone H310 må det gjerast nærare vurdering av rasfare i alle byggesaker.

§ 8.3 Høgspenningsanlegg (inkl. høgspenkablar)

Område H370 er høgspentsone. Linjeeigar må godkjenne endringar på terrenghøgder innanfor sona, og kan eventuelt krevje heving eller flytting av høgspentlinje.

Alt arbeid som kjem nærare linja enn 30 m må varslast linjeeigar i forkant og eventuelle krav frå linjeeigar skal følgjast.

§ 8.4 Rekkjefølgekrav infrastruktur.

I omsynssone Rekkjefølgekrav infrastruktur må gjerast ei nærare vurdering av rasfare før det kan søkjast om bygging av fritidsbustadar.

§ 8.5 Omsynssone bevaring kulturmiljø.

Innanfor omsynssonene skal det ikkje gjerast inngrep i terreng og vegetasjon, eller setjast i verk tiltak eller bruksendringar som kan gjere skade på det gamle vegfare, forandre vegfare sin karakter, eller utilbørleg skjemme kulturminnet, med mindre det er gitt løyve til dette av kulturminnemyndigheita.

§ 8.6 Omsynssone bandlegging etter andre lover.

Område H740 er ein del av sentralnettet og er bandlagt etter energilova. Linjeeigar må godkjenne endringar på terrenghøgder innanfor sona, og kan eventuelt krevje heving eller flytting av høgspenlinje. Alt arbeid som kjem nærare linja enn 30 m må varslast linjeeigar i forkant og eventuelle krav frå linjeeigar skal følgjast.

§ 9 Bestemmelsesområde

(pbl § 12-7)

§ 9.1 Midlertidig anlegg- og riggområde #1, #2, #3

Områda avsette til anlegg- og riggområde kombinert med andre gjevne hovudføremål, kan, så langt ikkje anna er spesifisert, nyttast til anleggsområde inkl. riggplass, anleggsvegar, omkøyringsvegar, mellombels lager for alle typar masser og lagerplass for bygningsmateriell og maskiner så lenge det er anleggsarbeid.

Etter avslutta anleggsperiode, og seinast eit år etter at anlegget er teke i bruk, skal areal for anlegg- og riggområde, i størst mogeleg grad tilbakeførast til tilsvarande stand som områda hadde før anleggsstart, eller til nytt føremål gitt i plan.

Føremålet *midlertidig anlegg- og riggområde* tar slutt og skravur fjernast frå planregisteret når veganlegget er overtatt til planlagt bruk. Områda skal etter dette nyttast til dei føremål dei er regulert eller disponert til, og med føresegnar frå gjeldande planer.

#1, #2 og #3 er knytt til perioden med anleggsarbeid.

§ 9.2 Midlertidig anlegg- og riggområde #4

#4 er tenkt nytta til mellomlager for overskotsmasser frå anleggsarbeidet på parsellen fv. 500 Kroka-Sundal i ein periode på inntil 10 år etter at veganlegget er teke i bruk.

Mellomlageret må utformast slik at det ikkje fører til nemneverdig forureining.

Området skal tilbakeførast til landbruk når perioden med mellomlagring av massar er ferdig.

§ 10 Eigarform

(pbl § 12-7, nr. 14)

§ 10.1 Offentleg

Offentlege areal er vist i plankartet med prefiks o_.

§ 10.2 Felles

Areal regulert til felles eigarform er vist i plankartet med prefiks f_.

§ 10.3 Anna

Areal regulert til anna eigarform er vist utan prefiks i plankartet.